



Aktivitetshuset er mykje brukt – her er amfiet fylt ved ein konsert i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedalen Aktivitetshus har no søkt kommunen om garanti for at utgiftene til ferdigstilling blir dekt og om eit årleg driftstilskot. Styret held fram at dette vil vera ei kommunal aksept på dugnadsarbeidet som er gjort for å kvalitetsheva bygget.

Styret arbeider dagleg for at eit kvalitativt godt arbeid vert levert så rimeleg som mogeleg, men ser no at utgiftene likevel kan koma til å tømme bankkontoen. Eit driftstilskot vil redusere dei månadlege lånekostnadene til snautt 10.000 kroner – eventuelt gjennom ei reforhandling av heile driftsavtalen for huset.

Fristen for ferdigstilling er 30. mai og styret ber difor om eit snarleg møte med rådmannen for å prøve å koma fram til ei avklaring av situasjonen.

I brevet til rådmannen blir det peika på at det siste året er lagt ned mykje arbeid med å ferdigstill huset (garderobeanlegget og trimrommet) og det har dessutan vore mykje vedlikehald. For å ferdigstill garderobedelen og trimrommet garanterte kommunen slik at banken løyste ut dei siste 400.000 av det tidlegare omsøkte banklånet. Det var ein nødvendig føresetnad for å koma igong med arbeidet.

Etter utløyninga av lånet har dei månadlege lånekostnadane auka i 2007, frå 9.727 i januar til 13.713 i desembr. Sjølv om bygdefolket støttar opp på mange vis gjennom ulike inntektsbrigande arrangement og ulike slags sponing er det hardt å skaffa pengar nok til å dekkja dei månadlege kostnadene. Større utgifter til utbygginga enn medrekna fører til tapping av kontoen.

Styret frykter at dei enten må stoppa ferdigstilling av bygget eller enda opp i ein situasjon der dei ikkje har pengar på konto til å betala korkje rekningar til materiell og fagfolk eller dei månadlege bankutgiftene.

- Når bankkontoen no reduserast raskt ser vi oss nøydde til å varsle om situasjonen, skriv styret til rådmannen

Dei strekar under at huset er eit funksjonelt bygg og godt for mange – for skulen, for idrettslaget, for

skulemusikken og for bygdefolk til mange aktivitetar og arrangement. og med det krafttaket av dugande bygdefolk som no er i gong får det ei kvalitetsheving. Alle kommunale tilskipingar som skule og barnehage arrangerer vil ha eit betre utgangspunkt.

Av Ola Matti Mathisen